



Kunnskapsdepartementet
postmottak@kd.dep.no

Dykkar ref.	Vår ref.	Saksb. – tlf.	Dato
	2014/2683 - 229/2015	Anne Grete Aase Eide - 55 09 70 56	06.01.2015

Høyringsuttale - Forslag til endringar i barnehagelova og tilhøyrande forskrifter

Fjell kommune har gått gjennom framlegg til endringar i barnehagelova og tilhøyrande forskrifter, og har følgjande kommentarar til endring nr. 1 og 2.

Fylkesmannen si rolle i tilsyn

Fjell kommune meiner det er positivt at Fylkesmannen sitt ansvar i høve tilsyn er styrka. For at ein kommune skal kunne utøve eit godt tilsyn, trengs både gode rutinar knytt til tilsynet og god kunnskap om området ein skal drive tilsynet i.

Fjell kommune har 2 framlegg til ny lovtekst som gjeld tilsyn:

1. Tilsynet bør ikkje utøvast av eigen kommune, men gjerne organiserast som interkommunal tilsynsordning. Der dette ikkje er mogeleg bør Fylkesmannen vera tilsynsmynde.
2. §9a Statleg råd og rettleiing:
I tillegg til råd og rettleiing skal Fylkesmannen gi opplæring til kommunar og barnehageeigarar.

Presisering av barnehagane sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering

Fjell kommune ser positivt på at barnehagen si plikt til å dokumentere og vurdere eiga arbeid vert presisert i lovparagraf 2a. Det vil vera ei styrking og tydeleggjering av det viktige arbeidet som går føre seg i barnehagen.

Framlegg til ny lovtekst:

Barnehagane kan handsame dei opplysningane som er naudsynte *for å gi alle barn* eit tilrettelagt pedagogisk tilbod i tråd med barnehagelova og føresegn om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver (rammeplanen).

Høyringsuttala vert sendt inn med atterhald om politisk godkjenning.

Med helsing

Lillian Torsvik
Servicetorgsjef

Anne Grete Aase Eide
Rådgevar